

Bjørn Villanger  
Nordre Villanger 10  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8694 - 21/74020

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
05.11.2021

## Svar på spørsmål til landbruk - gbnr 418/6 og 418/9 Villanger

Syner til epost dagsett 10.okt 2021, og skal prøva å svar på spørsmåla dine.

### 1. Har kommunen motteke leige avtale frå grunneigar kva gjeld drifta av gbnr. 418/6 og 9?

Har søkt i Alver kommune sitt arkiv, men kan ikkje sjå at det er ikkje registrert at det er komen inn noko leigeavtale. Erfarings messig er det ikkje alle som leiger ut areal som sender kopi til kommunen. Det vil og vera ein del som driv areala sjølv utan å søkja om produksjonstilskot og dei vil heller ikkje vera registrert hjå oss.

### 2. Ser Alver kommune det slik at alt jordbruksareal på gbnr. 418/6 og 9 vert drive?

Alver kommune har via produksjonstilskot opplysningar om at 18 daa fulldyrka og 3 daa overflatedyrka areal er drive av eit nabobruk. 24 daa innmarksbeite som er registrert i kartet har me ingen opplysningar om.

### 3. Det er ynskjeleg med ei utgreiing om korleis kommunen vurderer om det fulldyrka/overflatedyrka arealet på gbnr. 418/6 og 9 blir drive i samsvar med krava. Kva kartgrunnlag legg de til grunn ved denne vurderinga?

Kommunen nyttar gardskart frå Nibio som grunnlag vurderingar av kva som er jordbruksareal, og me forholdt oss til det som gardskart til ei kvar tid viser. På eigedomen gbnr 418/6 og 9 er det synt at bruket har 18,6 fulldyrka, 3,2 overflatedyrka og 23,8 daa innmarksbeite.

Det ligg føre retningsliner på klassifisering av AR-5 frå Nibio. For fulldyrka og overflatedyrka areal vil det vera arealtilstand og ikkje drift som vert lagt til grunn for klassifisering. For dei som søkjer produksjonstilskot vert 10 % av søkjarane plukka ut til kontroll, og stadleg kontroll der ein ser på arealet i felt vil vera ein av tinga som kan bli kontrollert. Krava for fulldyrka – og overflatedyrka jord er at det minst skal slåast eller beitast ein gong i vekstsesongen og at det vert gjødsla, sprøyta, beitepussa eller liknande i tråd med det som er vanleg jordbruksdrift.

For areal som det ikkje vert søkt tilskot til vil det vera reglane om driveplikt som må leggjast til grunn for vurdering. Kommunen har ikkje ressursar til å sjå om alle 80 000 daa jordbruksareal

som er registrert som jordbruksareal i Alver vert drifta, men føl opp der ein får konkrete henvendelsar på misleghald av driveplikt. Me er litt i tvil om e-posten din berre gjeldt spørsmål eller om det er ei melding om misleghald av driveplikt. Fint om du gjer oss tilbakemelding på det.

Driveplikta vil gjelda areal som i gardskart ( AR5) er registrert som jordbruksareal. For at driveplikta skal vera oppfylt må jordas produksjonseigenskapar haldast oppe slik at arealet kan nyttast til vanleg jordbruksdrift. Eit innmarksbeite bør minst beitast av ein gong pr år, og det bør vera nokolunde kontroll på ugras. Det er ikkje krav til driftsform og driveplikta kan vera oppfylt om ikkje i drifta er optimal.

For å oppfylla driveplikt ved bortleige må eigar innan eit år etter overtaking senda kopi av leigeavtale til kommunen. Det kan søkjast om fritak for driveplikt. I vedlagt lenke kan du lesa meir om reglane og vurderingar som skal gjerast.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/beb3fd0cb9d7401180d962e0e98ba854/rundskriv-jordloven-m-2-2021.pdf>

Dersom me får melding om misleghald av driveplikt vil me vanlegvis kontakta eigar å be om ei rediggjering av drifta, og følgja opp med ei synfaring. Kommunen kan pålegga eigar å leiga bort jorda og statsforvaltar kan pålegga tvangsgebyr ved konstatert misleghald.



Me er kjent med at det er usemje om klassifisering av delar av innmarksbeite på dette bruket, og at det har vore ei rettsleg avgjerd knytt til dette. Dersom arealet vert sett i stand att vil ein kunna omklassifisera det til fulldyrka eller overflatedyrka jord.

For tida heldt Nibio på med periodisk ajourhald for alt jordbruksareal i Alver, og kommunen kan difor ikkje gjera endringar i markslag. Når dei er ferdig med dette ut på våren ein gong vil alle gardskart verta oppdatert.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bjørn Villanger

Nordre Villanger 10

5937

BØVÅGEN